

Retningslinjer for inntak av heiltidselevar til høgare kursnivå med karakteren 1/IV frå kompetansegevande kurs

- **1 A.** Søkjarar med karakteren 1 i to fag blir som hovudregel tatt inn på høgare kursnivå utan individuell vurdering. Med det meiner ein at ei samla vurdering tilseier at ein elev med dette karaktergrunnlaget har kunnskapar nok til å nyttiggjere seg undervisninga på neste kursnivå. Unntak kan likevel gjerast i særleg høve etter nærare retningslinjer frå fylkesdirektøren for opplæring.
- **1 B.** Søkjarar med karakteren 1 i tre fag kan takast inn på høgare kursnivå dersom rektor meiner at eleven, etter ei samla vurdering kan takast inn. Rektor skal sende inn skjema for denne gruppa snarast mogleg etter at standpunkt-/eksamenskarakterar er klare. Frist for innsending vil bli gjort i retningslinjene frå fylkesdirektør for opplæring. Merk at ein elev som har karakteren 1 i eitt fag, men som får ein betre karakter ved eventuell eksamen i faget, kjem inn under punkt 1A ovanfor.
- **2A.** Søkjarar med karakteren IV i eitt fag blir som hovudregel tatt inn på høgare kursnivå utan individuell vurdering. Med det meiner ein at ei samla vurdering tilseier at ein elev med dette karaktergrunnlaget har kunnskapar nok til å kunne nyttiggjere seg undervisninga på neste kursnivå. Unntak kan likevel gjerast i særlege høve etter nærare retningslinjer frå fylkesdirektøren for opplæring.
- **2B.** Søkjarar med karakteren 1 i eitt fag og IV i eit anna fag kan takast inn etter ei samla vurdering dersom rektor meiner at eleven kan nyttiggjere seg undervisning neste kursnivå. I yrkesfaglege utdanningsprogram skal det berre unntaksvis takast inn elevar som har IV i faget «Prosjekt til fordjupning» i tillegg til ein negativ karakter i eit anna fag.
- **2C.** Søkjarar med karakteren IV i to fag kan takast inn på høgare kursnivå dersom rektor meiner at eleven, etter ei samla vurdering kan takast inn. Sjå også siste punktum under 2B.
- **3A.** Søkjarar med karakteren 1 i fire fag eller meir kan ikkje takast inn som heiltidselev til høgare kursnivå. Søkjaren kan få tilbod frå skulen etter skulestart å bli deltidsselev i dei faga som ikkje er bestått på lågare kursnivå. Skulen bør i løpet av våren drøfte med dei elevane som er i denne gruppa om det er meir tenleg for dei å søkje om å ta kurset over to år. Den typen søknader blir deretter sendt Inntakskontoret så snart som mogleg, og seinast 23. juni.

Godkjente søknader om kurs over to år vil føre til at retten til vidaregåande opplæring blir utvida med eitt år. Elevane må ta dei to skuleåra i samanheng, og vanlege vilkår, m.a. til minste timetal pr. veke, vil gjelde. Når slik godkjenning er gitt vil elevane bli tekne inn som heiltidselevar året etter sjølv om dei ikkje skal lese full fagplan.

- **3B.** Søkjarar med karakter IV i tre fag eller meir kan ikkje takast inn som heiltidselev til høgare kursnivå. Jfr. elles pkt 3A.
- **4A.** Retningslinjer for «ei samla vurdering» frå rektor og skjema som skal sendast inn i juni vil bli sendt skulane like over påske.
- **5A.** Merk elles at det framleis vil vere delegert til skulane å ta inn deltidsselevar etter gjeldande sentrale forskrifter/retningslinjer til ledige plasser i dei aktuelle faggruppene.